



Framo Flatøy AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4442 - 15/22455

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

16.12.2015

Gangsti ved Framo Flatøy

Vi viser til skriv frå 10.11.15.

Administrasjonen i Meland kommune stillar seg i utgangspunktet positive til forslått gangsti. Vi kan ikkje sjå at den er i strid med gjeldande reguleringsplan. Tiltaket krev difor i utgangspunktet ikkje søknad etter plan- og bygningslova. Meland kommune har årleg ein liten pott til trafikksikring, men det er lite aktuelt å prioritere eit slikt tiltak ettersom det nesten utelukkande kun vil bli brukt av Framo Flatøy sine ansatte. Vi legg difor til grunn at dersom tiltaket skal gjennomførast må det dekkjast av Framo Flatøy.

Forslag til gangsti ligg langs kommunal veg, men det er Statens vegvesen som eig grunnen. For å kome vidare med prosjektet kan dykk ta kontakt med vegvesenet for å avklare om det er i orden at det blir gjort eit slikt tiltak på deira grunn.

I skrivet er det også skissert ein overgang for fotgjengarar over den kommunale vegen. Vegmyndigheitene for dei enkelte vegane er generelt restriktive med tanke på etablering av gangfelt. Årsaka er at gangfelt ofte gir ein «falsk tryggleik». Det er betre at fotgjengarar krysser vegen uten gangfelt med fullt fokus på biltrafikken, enn med redusert fokus i eit uheldig plassert gangfelt. Det er no starta opp eit nytt reguleringsplanarbeid for kollektivterminalområdet i regi av vegvesenet. Kommunen ønskjer å avvente planarbeidet før ein ser nærare på kva som er aktuelle plasseringar for eventuelle nye gangfelt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:
Framo Flatøy AS